

MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

1	Namnet på forvaltningsorganet/underinstans:	Det organet som har gjort vedtaket t.d. hovudutvalet
2	Mottakar/part:	
3	Klageinstans:	Overordna organ, t.d. fylkesutvalet
4	Dato for utsendt vedtak:	
5	Adresse for innsending av klage:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, eller postmottak.sentraladm@sfj.no

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal fyrst handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der. Les meir om klageorgan i [klagehandboka](#).

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikkje har fått grunngeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du skal også grunnkje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsaminga elles.